



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan, teknikk og næring	29.01.2019	05/19
Kommunestyret	11.02.2019	16/19

Saksansvarleg: Elin Blütecher

Arkiv: sone - sone 5 plan 60, K2 - Arkivsaknr.: 16/1774
L12

Detaljreguleringsplan Beverøya camping - 2. gongs behandling

Rådmannen tilrår:

Detaljreguleringsplan for Beverøya camping vert endeleg godkjent jf. Plan- og bygningslova §12-12 med følgjande endringar:

1. Føresegnene rekkefølgekrav § 2.1 får tillegg om at kryssområde o_SKV1 og o_SV3 må opparbeidast før igangsetting av nye tiltak innanfor planområdet.
2. Føresegner oppdaterast i tråd med nytt rekkefølgekrav om kryss
3. Planomtala oppdateras i tråd med nytt rekkefølgekrav om kryss

11.02.2019 Kommunestyret

Behandling:

Framlegget frå PTN utvalet vart samrøstes vedteke.

K- 16/19Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Beverøya camping vert endeleg godkjent jf. Plan- og bygningslova §12-12 med følgjande endringar:

1. Føresegnene rekkefølgekrav § 2.1 får tillegg om at kryssområde o_SKV1 og o_SV3 må opparbeidast før igangsetting av nye tiltak innanfor planområdet.
2. Føresegner oppdaterast i tråd med nytt rekkefølgekrav om kryss
3. Planomtala oppdateras i tråd med nytt rekkefølgekrav om kryss

29.01.2019 Utval for plan, teknikk og næring

Behandling:

Innstillinga blei samrøstes vedteken.

PTN- 05/19Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Beverøya campingvert endeleg godkjent jf. Plan- og bygningslova §12-12 med følgjande endringar:

1. Føresegnene rekkefølgekrav § 2.1 får tillegg om at kryssområde o_SKV1 og o_SV3 må opparbeidast før igangsetting av nye tiltak innanfor planområdet.
2. Føresegner oppdaterast i tråd med nytt rekkefølgekrav om kryss
3. Planomtala oppdateras i tråd med nytt rekkefølgekrav om kryss

Bakgrunn for saka:

Søndergaard Rickfelt AS har på vegne av tiltakshaver Beverøya camping fremja forslag om detaljreguleringsplan for Beverøya camping. Formål med planen er å legge til rette for vidare campingdrift. Det er tidligare gjeve dispensasjon for oppføring av 10 campinghytter inne på området der det vart knyta krav om reguleringsplan før ferdigattest kan gjevas til hyttene (PTN 32/16). Hovudutval for plan, teknikk og næring vedtok i møte 13.11.18 (sak 88/18) å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn. Planen har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 22.11.18 til 8.01.2019, og det har kome 4 merknader til planforslaget (sjå vedlegg). Vedlagt følgjer høyringsutgåve av planomtale, plankart og føresegner .

Saksomtale:

Nedanfor er innkomne merknader oppsummert og kommentert

Innkomne merknader:

1. *Fylkesmannen i Telemark*

Fylkesmannen finner ikkje at planen kommer i vesentleg konflikt med nasjonale interesser, og har difor ingen merknadar til planen.

Kommentar

Fylkesmannen kom ikkje med innspel under høyringsrunden, men har etter påminning kome med ein kort tilbakemelding til planen på e-post. Uttalelsen tas til etterretning.


2. **Statens vegvesen** meiner at rekkefølgekrav til opparbeiding av nytt kryss ved RV36 med trafikkøy, oppstramming, flytting av Sperrudvegen, rasteplass og parkering må knytast til ny og utvida trafikkskapande aktivitet frå campingplassen, og ikkje kunn til nye bustader i Sperrudvegen slik rekkefølgekravet ligg no. Vegvesenet peikar vidare på usikkerheita knytt til bruk av bustadområda BK1-3 som bustader. Dei meiner at ein utviding av campingplassen vil

føre til auka aktivitet, og at det er sjølve trafikkauka som er avgjerande for trafikksituasjonen. Dei meiner difor at rekkefølgekravet må knyttast til nye tiltak innanfor planområdet.

Kommentar

Tidlegare har det kunn vore krav til ein omlegging av Sperrudvegen viss områdene for BKB1 -2 vart bruka som bustad. Rådmannen ser no at utvidinga av campingplassen kan føre til auka trafikk. Innspelet til SVV bør difor følgjast opp med rekkefølgekrav i § 2.1. om at opparbeiding av nytt kryss ved RV36 med trafikkøy, oppstramming, flytting av Sperrudvegen, rasteplass og parkering må knytast til ny og utvida trafikkskapande aktivitet frå planområdet

Ved å flytte Sperrudvegen lengre inn mot Beverøya vil bilistene kunne plassere seg vinkelrett på riksvegen, samt at det blir plass til trafikkøy. Når det no blir rekkefølgekrav om trafikkøy må ein omlegging av heile krysset skje samstundes.



Figur 1: Utsnitt frå plankart over kryss frå RV36 og til Beverøya/Sperrudvegen

3. **Telemark fylkeskommune** har ingen merknader til planforslaget

4. **Miljøhygienisk avdeling** har merknader i tilhøve til leikeplass, radon og badevann.

I tilhøve til leikeplass peiker Miljøhygienisk på at det bør foreligge ein plan for vedlikehald dersom leikeplassen opparbeidas med apparater. Dei visar her til «forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr» § 16.

Når det gjeld radon visar Miljøhygienisk til at dette ivaretas gjennom byggesak og anvending av teknisk forskrift.

I tilhøve til badevatn gjer Miljøhygienisk merksam på at badevatn i elv kan vere forureina av

aktivitet langs elvebredda som til dømes landbruksaktivitet, beitedyr og andre forureina kjelder.

Dersom oppdemning av regulera vasstand kan gje periodar med stillestående vatn, kan dette gje ein uønska oppbløming av bakteriar, då særleg i varme sommarperiodar. Miljøhygienisk minne difor om at kvaliteten på badevatnet må sjekkas tilstrekkeleg.

Kommentar

Leikeplassen sør for BKB2 opparbeidast dersom område for BKB1-2 skal nyttas som reint bustadformål. Leikeplassen skal vere felles for bustadene i BKB1-2. Planen her seier kven leikeplassen er felles for. Ansvar utover dette avklaras seinare.

I tilhøve til kvalitet på badevatn er det her tiltakshaver Beverøya som vil vere ansvarleg for å følgje opp om krav knyta til kvalitet.

Utbyggingsavtale

Det skal forhandlast fram utbyggingsavtale om kommunal overtaking av veg (Sperrudvegen) innanfor planområde. Dette blir no aktuelt når det kjem nye trafikkskapande tiltak innafor planområdet.

Konklusjon

Med endringane forslått i saka ovanfor, bør detaljregulering for Beverøya camping og dei føreslåtte endringane endeleg godkjennast.

Vedlegg:

17.01.2019	Plankart	418589
17.01.2019	Reguleringsbestemmelser	418590
17.01.2019	Planomtale	418591
17.01.2019	Detaljregulering Beverøya- 1. gongshandsaming	418588
17.01.2019	Fylkesmannen i Vestfold og Telemark kommentar 17.01.19	418592
17.01.2019	Miljøhygienisk avdeling innspill 7.01.19	418593
17.01.2019	Statens vegvesen innspill 21.12.18	418594
17.01.2019	Telemark fylkeskommune innspill 17.01.19	418595

Parter:

Søndergaard Rickfeldt AS

Beverøya Camping AS